

# Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr  
2017627Oppdragsnr  
2017018

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
Mjåtveitmarka 73C	22	127	0	0	ASKELAND NORALV (Hjemmelshaver)
Mjåtveitmarka 73A; Mjåtveitmarka 73B	22	221	0	0	GEITANGER KRISTINE A (Hjemmelshaver)

## Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvika:	Dato	Kl	Stad
	07.04.2017	13.00	På parsellen

<input type="checkbox"/> Grunneigedom	<input type="checkbox"/> Festegrunn	<input type="checkbox"/> Anleggseigedom	<input type="checkbox"/> Uteareal eigarseksjon
---------------------------------------	-------------------------------------	---	--

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn				
<input checked="" type="checkbox"/> Grensejustering	<input type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Nymerking av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Registrering av ureg. jordsameige	<input type="checkbox"/> Matrikulering av umatrikulert grunn
<input type="checkbox"/> Arealoverføring	<input type="checkbox"/> Anna			

Forklaring  
Grensejustering mellom 22/127 og 22/221.

Saks-behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
Rekvirent ASKELAND NORALV GEITANGER KRISTINE A			Rekvisisjonsdato 10.03.2017

## Habilitet

Landmålaren sitt namn  
Per Atle Sæle

<input type="checkbox"/> Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.
<input checked="" type="checkbox"/> Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja (jfr. vedlegg)

## Varsling og oppmøte

Varsel om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt fram møte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

## Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

**Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.**

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
127-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
127-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Mur	Nytt grensemerke			
127-3	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Mur	Nytt grensemerke			
127-4	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Mur	Nytt grensemerke			
221-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Nytt grensemerke			
221-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Mur	Nytt grensemerke			
221-4	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Mur	Nytt grensemerke			
NY2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i:	Eksisterende grensepunkt utgår			
221274	Nedsatt i:	Eksisterende grensepunkt utgår			

## Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Eigar av gnr 22 bnr 127 og eigar av gnr 22 bnr 221 har 10.03.2017 rekvirert oppmålingsforretning med grensejustering mellom dei to eigedomane.

Oppmålingsforretninga vart halde 07.04.2017. Ved forretninga møtte Noralv Askeland for 22/127, Cato Geitanger for 22/221 og Magnar Askeland for 22/4. Eksisterande grense mellom 22/127 og 22/221 vart påvist. Partane var samde om å justera grensa slik at den nye grensa går langs nyoppført mur og i kanten av opparbeidd plen på 22/221. Det vart sett ned fire nye grensemerker, grensepunkt 127-1, 127-2, 127-3 og 127-4.

Det er to hovudvilkår for å gjennomføra saka som grensejustering:

- 1: Ved einssidig justering kan inntil 5 % av den minste eigedomen justerast. Maks areal for grensejustering er 500 m<sup>2</sup>.
- 2: Når begge eigedomane avgir areal, kan ein justera inntil 20 % av arealet.

Ved justeringa har 22/127 avgitt 71 m<sup>2</sup> til 22/221 og mottatt 85,4 m<sup>2</sup> frå 22/221. Total arealending etter justering mellom dei to eigedomane er 14,6 m<sup>2</sup>. Arealendinga på 22/121 utgjer 7,1 % og arealendinga på 22/221 utgjer 8,4 %

Magnar Askeland ønskte at arealet mellom 22/4 og 22/221 også vart justert slik at det vart meir hensiktsmessige grenser i forhold til opparbeidd murar og uteareal på 22/221. Det vart sett ned tre nye grensemerker 04.05.2017. Ved denne justeringa har 22/4 avgitt 127 m<sup>2</sup> til 22/221 og mottatt 73,5m<sup>2</sup> frå 22/221.

Arealet til 22/127 etter justering er oppmålt til 1006,5 m<sup>2</sup>, dvs 1,5 % større enn før justeringa.

Arealet til 22/221 etter justering mot 22/127 og 22/4 er oppmålt til 1045,2 m<sup>2</sup>, dvs 3,8 % større enn før justeringa.

Samla justering på 22/127 og 22/221 utgjer mindre enn 5%.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstillar krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

Kommunen har matrikkelført grensejusteringane og skriv ut nye matrikkelbrev for 22/127 og 22/221 som vert sendt eigarar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt eigarar av 22/4.

Eigarar av 22/4, 22/127 og 22/221 har godkjent justeringane muntleg. Vi ber også om at partane godkjenner justeringane med underskrift nederst på protokollen og returnerer eit eksemplar hertil.

Etter avtale med Cato Geitanger vert gebyr etter matrikkellova for grensejusteringa sendt til eigar av 22/221.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

.....  
Grensejusteringa mellom 22/127 og 22/221 vert med dette godkjent.

.....  
Eigar av 22/127

.....  
Eigar av 22/221

.....  
Grensejusteringa mellom 22/4 og 22/221 vert med dette godkjent.

.....  
Eigarar av 22/4

.....  
Eigar av 22/221


Sted

Frekhaug

Dato

10.05.2017

Underskrift



<b>Vedlegg</b> (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			